


# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 --- JUNI 1976  
9. ÅRGANG



(Foto: Per Presthus)

**Konfirmantflokken  
i Ytre Arna**

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.  
Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Clausen.  
Redaksjonshemnd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær, Knut Brakestad.  
Forretningsfører: Monrad Ulveseter.  
Bladpengar: Kr. 15.—. Utanbygds/lands kr. 20.—.  
Postgiro nr. 1. 3104445.  
Dagens Trykkeri, Bergen.

## ARNA PRESTEGJELD

**Prestekontoret Indre Arna:**  
Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.  
Torsdag kl. 17.30—19.00. Tlf. 24 04 00.

**Prestekontoret Ytre Arna:**  
Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.  
Fredag kl. 10.00—11.30. Tlf. 24 13 25.

**Adresser:**  
Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollaveien 31, Indre Arna tlf. 24 02 72  
Res. kap. Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.  
Diakonklokkar Åge Clausen, Stølsveien 96D, Indre Arna, tlf. 24 03 42.  
Kontortid prestekontoret I. Arna tysdag 18.00—19.00 og torsdag 11.00—12.30.  
Klokkar Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna, tlf. 24 13 10.  
Organist Solveig Tesdal, Stølsveien 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.  
Organist Michael Knutsen, Tyriveien 20, Eidsvåg, tlf. 25 63 48.  
Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsveien 15, Indre Arna.  
Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00 og onsdag og fredag 10.00—11.00.  
Vik. kyrkjetenar Johs. Litun, Peter Jøbsensvei 32, Ytre Arna.  
Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna, tlf. 24 05 69, kontortid mandag—fredag 12.00—13.00.  
Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsveien 111A, tlf. 24 15 94.  
Soknerådsformann Ytre Arna, Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.  
Kyrkjelydsarbeidarar i Arna, Ingrid Garnes og Angunn Hope, tlf. 24 07 39.

# Kristent fellesskap

Vi har igjen hatt festdagar i kyrkjelyden. På konfirmasjonsdagane var kyrkja fullsett av slekt og vener som sto rundt konfirmanten. Slik skal det vera. Fellesskap både i heim og kyrkje. Må konfirmanten få mot til å ta kristendomen på alvor!

Men kvifor kjem så mange i kyrkja berre på festdagar? Treng vi ikkje det kyrkja kan gi oss andre dagar i året?

Det gudslivet som begynte i oss i dåpen, treng næring. Alt liv treng næring om det skal veksa. Slik også med gudslivet i oss.

Så alt for mange har Jesus berre som ein reserve i livet. Når det røyner på spring vi til han og hentar hjelp. Men Jesus nøyser seg ikkje med å vera reserve. Han vil vera Herre i livet vårt. La oss difor gi han den plassen som tilkjem han: førsteplassen!

Gud har funne det kristne fellesskapet så viktig at han har omtalt dette i ein av livets «trafikkreglar»: Hald kviledagen heilag!

Vi treng visst ikkje minna kvarandre om at søndagen skal nyttast til kvile og rekreasjon. Men vi treng gjerne påminning om at heilag blir denne dagen først når vi høyrer Guds ord og søker kristent fellesskap.

Difor vil vi seia til kvarandre: La oss ofte møtast i det kristne samfunnet fordi vi sjøve og våre medkristne treng til dette.

H. H.

## TORGUNN REISER ....

Eller for å seia det på ein meir høgtdelig måte: Styrrar Torgunn Fredriksen ved Arna kyrkjelyd sin dagheim, sluttar i stillinga si 1. august d.å.

Det er rart med det — fødebyen måtte ho liksom attende til. Når det er Skien, skjønar me henne godt. Mange av oss hadde vona at ho hadde gjort «Arna-buar» av seg etter så mange år her, men så vel var det altså ikkje.

Det er temmeleg nøyaktig 3 år ho har stått som ansvarleg leiar for den

nystarta dagheimen som i dag har plass til 37 barn frå 3—7 år.

Den som har sett sine bein innafor, veit i alle høve litt om kva ei slik oppgåve krev av eit menneske. Torgunn Fredriksen har makta denne oppgåva til oppdragsgjeverens og brukaranes tilfredshet.

Det er mykje som kan selast om det å driva ein barnehage. Ein ting er i alle høve klart: Torgunn Fredriksen sin høge faglege kompetanse og sterkt personleg engasjement har saman gjeve ei trygg og god leing av kyrkjelyden sin dagheim.

Mange enkeltsaker kunne trekke fram, men me vil her særleg pelka på Torgunn si haldning til dei funksjonshemma barna. Der er ikkje like sjølvstøtt alle stader at dei funksjonshemma som har nytte av det, får vera i ein «normal» barnehage. For Torgunn er det klart at desse barna skal ha sin plass som alle andre. Trass manglande bemanning har ho og hennar personale makta å gjeva desse barna noko, takka vera si positive haldning.

Oppstartinga av fritidstilbodet for funksjonshemma barn og ungdom er og eit resultat av Torgunn sin arbeidsinnsats og forståelse for desse familiane sine vanskar. Ho har vore ansvarleg leiar for dette sidan starten september '75.

Barna vil sakna henne og mange med dei. Me ynskjer henne lukke til og takkar for alt ho har gjort for og med kyrkjelyden i Arna.

Red./A.C.


P. s. På møte i Arna Sokneråd 19/5 vart Kirsten Økland tilsett som ny styrrar.



## Barneside

### Barna tegner .....

Vi fikk bare EN ENESTE tegning av 17. mai-toget. Men den var flott! Kjetil Myrdal 7 1/2 år, Lohndalsflaten 88, har tegnet den.



Til neste nr. MÅ du tegne noe du så i sommerferien din. Regningen sendes Ytre Arna Prestekontor, 5265 Ytre Arna innen 1. august.

## GLIMT FRÅ MF



Frå Arna prestegjeld er vi 11 stk. som studerer teologi på Menighetsfakultetet, 5 held på med 1. avdeling og 6 er komne til 2. avdeling.

Vi har fått med oss to av desse til ein litt uformell prat om korleis livet artar seg i hovudstaden, Grethe Stavenes frå Garnes og Sveinung Håøy frå Indre Arna. Vi sit i kantina på MF med kvar vår kaffikopp, meir skal ikkje til for å få tunga på gli.

Praten går frå daglegdagse ting til dei meir teologiske problem, det er ikkje så lett å koma til orde, snakka for seg kan dei i alle høve. Då det vert eit opphald i ordflaumen, fyrer vi av første spørsmålet:

— Trivst de i Oslo? Grethe grip

del lesing vert det jo sjølsagt, det meste av dagen går naturleg nok med til å lesa og å gå på førelingar, pensum er stort og eksamen ein truande realitet. Men for svake sjelar lokkar kantina med kaffien både titt og ofte, så ein del av tida vert ein sitjande der. Det kan vera godt å snakka med andre og, dessutan seiest det at ein lærer mykje teologi av det.

Etter det vi kan sjå, greier dei seg bra, det ser ut til at begge har greidd overgangen frå mors kjøttkaker til hybelmat fint.


Vi er ustoppelig nysgjerrige om teologistudentar sitt liv og virke: — Les de heile dagen? Teologar har mangt og mykje å stridast om, men her er semja total: — NEI! Ein må, ta alt med måte, vi er då menneske.

Men her gjeld det å ta seg inn att, ein skal då gjera inntrykk. Grethe oppfattar situasjonen raskt: — Ein

Ordet kantine riv Sveinung raskt tilbake til virkeligheten, han har site og filosofert over livets tilskikkelser ei tid.

— Det sosiale samveret er viktig, seier han, — vi må læra å vera i lag med andre menneske, lera dei å kjenna.

Sven Harald i djup konsentrasjon.



Men lat oss ikkje gløyma alt det andre, ymse gruppeaktiviteter mellom studentane, faglege og litt av kvart anna, idrottsaktivitetar er også populært. — Og så sundagsturen i Nordmarka til Nordmarks-kapellet, skyt Grethe inn.

Elles er begge med i kristent arbeid, Grethe har ei barnegruppe i ein kyrkjelyd og er vaksenleiar i eit skulelag. Sveinung er med på å vekkja misjonsinteressaiskulelaga, han er med i eit misjonsteam. Dessutan er han med i studentforbundet.

Kveldane vert og bruka til sosialt samvær med medstudentar, men «det glade studentliv» a la Wergerland og Bjørnson merker ein lite til.

Det er tydeleg at fritidsproblem er det lite av, nokre gonger kunne ein ønskja seg 25 timar i døgeret, men det let seg nok neppe gjera.

— Vi sit her og lurar på kvifor du studerar teologi, Sveinung?

— Vel, eg studerar teologi for å verda dugande til ei heilidsteneste i Kyrkja, truleg som prest. Studiet er langt og intenst, men tek ikkje, som mange trur, berre opp livsferne og spissfindige problem. Det gjev ein god og nødvendig innsikt i Guds Ord i helle dets mangfald og rikdom. Denne kunnskap treng eg for å forstå midla evangeliet om frelsa i Kristus rett.

— Enn du Grethe, kvifor studerar du teologi?

— Fordi Gud har kalla meg til det. Sjølv om eg ikkje veit no kva for teneste eg skal inn i, gjeld det å førebu seg godt, og eg veit at eg er der Gud vil ha meg no. Dessutan treng vi lang tid til å modnast både som menneske og som kristne.

Til slutt ei lita oppmoding til kyrkjelyden heime: Be for MF og for oss frå Arna som går på MF, vi får mykje her og treng visdom til å forvalta det rett.

Kaffikoppen har alt vore tom lenge og vi seler takk for prat.

## Blomar til alle høve!

Utplantingsplanter i rikt utval.

### TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.  
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

## FERIEN 1976

Sokneprest Halle Tvedt — ferie 2. august — 29. august  
Res.kap. Fykse — ferie 5. juli — 1. august  
Organist S. Tesdaal — ferie 21. juni — 26. juli  
(vikar: Ragnar Tesdaal)  
Kyrkjetenar M. Ulveseter — ferie 20. juni — 18. juli  
(vikar 20/6—1/7: Kristen Ulveseter, 2/7—17/7: Ingmar Ljones)  
Organist M. Knutsen — ferie 5. juli — 25. juli (resten av ferien seinare)

## Kontortider i ferien

Prestekontoret Indre Arna:  
Kontortid: Tirsdag og fredag kl. 10.00—11.30.  
torsdag kl. 17.30—19.00 (tlf. 24 04 00)  
Prestekontoret Ytre Arna:  
Kontortid: Onsdag kl. 18.00—19.00 (tlf. 24 13 25)

NB! Dette gjeld i tida 5. juli — 29. august.

## VI TAKKER

med dette Vestlandsbanken for kr. 500,— som gåve i samband med kjøp av piano i Arna kyrkje.

## SØNDAGSSKULENS DAG I ARNA

blir den 19. september med famillegudsteneste i begge kyrkjene og offer til søndagsskulearbeidet.

Vel møtt store og små!

## «Gje ein stol»

Indre Arna Indremisjon har no kjøpt inn stolar til storesalen i bedehuset. Stolane er fine og gode å sitja i og dei er alt tekné i bruk.

Desse stolane kostar mange pengar og me vil be deg vera med å «gje ein stol». Om du gjev eit stort eller lite beløp vil det det hjelpe på å få gjelda fort nedbetalt.

Send beløpet til:  
Haus Sparebanknr. 3633. 50.75751  
Vestlandsbanken nr. 8440. 31.01965  
Postgiro nr. 3488376  
Me takkar for di gáva.

Innsamlingsnemda.

KONTINGENT TIL  
KYRKJELYDSBLADET

Me takkar for innkomen kontingent. Den nærmar seg 20.000 i år. MEN — me skulle gjerne ha det doble for å gjeva ut dei 10 nr. i året me gjerne ville.

Til deg som ikkje har sendt inn den vedlagte postgiroblanketten i dag! Me tek og med glede imot gáver til kyrkjelydsbladet! På førehand mange takk.

Red.

# Familieside



## ARNA SOKN

### Døpte:

- 20-03 Kathrine Mjelde  
 21-03 Hege Annette Hellen, Elisa Johannessen  
 27-03 Vibecke Skår, Monica Vik, Jan Magne Liland Moberg, Thomas Reknes.  
 03-04 Merethe Moldekleiv, Arild Moldekleiv.  
 04-04 Bjarte Skjoldal.  
 10-04 Ragnhild Sleire Østensen, Ingrid Velle Flatebø.  
 11-04 Erik Thoresen.  
 18-04 May Siren Haugen.  
 24-04 Christian Hoff, Annette Christine Rolland, Hilde Agnete Skjoldal, Therese Thunestvedt.  
 08-05 Linda Endresen, Marianne Eide Hekland, Marlin Haarstad.  
 16-05 Tom-Arne Hekland, Oddrunn Elin Sortland, Lene Reigstad Clausen, Ann Kristin Borge.

### Vigde:

- 20-03 Stig Sagstad og Signe Olaug Selheim.  
 27-03 Steinar Birkeland og Randi Hjelle, Ragnar Eivind Remme og Grethe Birkeland.  
 03-04 Walter Endresen og Ingunn Opedal, Otto Egl Veseth og Grethe Iren Skulstad.  
 09-04 Magnus Mjelde og Anna Liarbø.  
 10-04 Kjell Reinert Mjøs og Ingrid Ekse.  
 24-04 Arvid Berg og Tove Ingeborg Andersen.  
 08-05 Arve Olai Tuftealand og Helene Marie Rolfsnes, Sigurd Johan Asheim og Randi Marie Hammersland, Vidar Skistad og Astrid Irene Blomdal.

### Avidne:

- 14-03 Thorstein Hausvåg, f. 1900.  
 10-03 Knut Rogne, f. 1899.  
 02-04 Anna Margrethe Borge, f. 1909.  
 10-04 Kari J. Romslo, f. 1906.  
 12-04 Didrik Aldahl, f. 1907.  
 20-04 Ivar E. Alme, f. 1895.  
 21-04 Klara Hoem, f. 1902.  
 26-04 Nils Andreas Skulstad, f. 1912.

## YTRE ARNA SOKN

### Døpte:

- 14-03 Morten Sundheim (Dale)  
 21-03 Elisa Johannessen (Arna)  
 27-03 Johan Gaupås (Arna)  
 28-03 Gina Vivian Berge, Silje Kvamme  
 02-04 Aina Merethe Rolland (Hosanger)  
 03-04 Stian Bratli (Arna)  
 04-04 Svein Arnold Sagstad (Arna)  
 10-04 Kristoffer Filise, Jannice Elkjet (Arna)  
 11-04 Frank Christensen  
 18-04 Kenneth Seilen  
 24-04 Anette Christine Rolland (Arna)  
 01-05 Frank Ørjansen  
 09-05 Frode Stian Andersen  
 16-05 Beate Haga, Wanja Mevatne, Roger Eide

### Vigde:

- 22-05 Jan Kåre Tybring Hansen og Kari Brakstad, Arne Kæbo og Bjørg Hundhammer, Alf Blomdal og Frøydis Langhelle.

### Avidne:

- 19-03 Nils Mikal Hansen, f. 1898.  
 07-04 Hermann Vevle, f. 1916.  
 17-04 Ludvik Johan Brudvik, f. 1904.  
 24-04 Klara N. Skaar, f. 1883.

# Konfirmanter, Arna 2. og 9. mai

Jentener:	Mona	Herland	Ingrid	Morken	Hildegunn
Andersen	Anne Berit	Haaland	May Lisbeth	Mæstad	Margunn Hildeborg
Angell	Kjersti	Indrehus	Aud Ingeborg	Nesse	Britt
Aldahl	Nina	Jakobsen	Dagnar	Nilsen	Wenche
Asserson	Alise	Johansen	Anne Kari	Presttun	Anta
Bakken	Randi	Kaibaas	Syvita	Rokne	Tone
Digranes	Solveig	Kippersund	Marit	Rolland	Grete
Duesund	Mai-Britt	Kjølhaug	Ebjerg Margun	Rolland	Asa
Enger	Gro	Kleivane	Nina	Romslo	Anne Grete
Garlid	Anne Lise	Kleiveland	Grete Ann	Romslo	Evelyn
Gjerde	Marie	Kolstrøm	Ase Marit	Røedland	Ellen Marie
Gjerstad	Randi	Kornhusen	Rita Helen	Neset	Nina
Grindheim	Kjersti Marie	Kvamme	Ingrid	Seim	Jorunn Olga
Hana	Anne Britt	Kvammen	Marit	Solberg	Dagfrid
Hansen	Kjerstin	Kvandal	Eidbjørg	Solberg	Nina
Hansen	Monicha	Larsen	Lajla-May	Solhaug	Svanhild
Hauge	Eli-Norun	Letset	Henny	Sæland	Anta
Haugland	Lilli Ann	Lerdå	Nina Johanne	Telles	Ragnhild
Haukanes	Cerd	Listel	Wenche	Thunestvedt	Wibeche Tordis
Heimvik	Wenche	Løseth	Ingrid	Tot	Solveig
Heimvik	Heiga	Liv	Randi	Torp	Måfrid Ingeborg
Hertindal		Minde		Torsvik	Marianne
				Torsvik	Anny Jorunn





**Vår nye mann  
i Arna  
— OLAV A. HOVDEN —**  
har flere års erfaring i forsikring  
fra våre selskap.

Han er kjent i Arna, bl. a. gjennom tidligere jobb ved Arna  
Bruk A/S.

De kan trygt la Hovden bistå Dem når det gjelder både skade  
— og personforsikring ..

## Storebrand-Idun

Forsikringshjørnet — Rådstuplass 2/3.  
5000 Bergen.

Telf. 31 16 20 — Privat 28 08 11.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning  
Hugs at vi har laveste pris,  
og det De kjøper her kan De få reparert her.

## ARNA VAREALG A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

**EL-KJØP**

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

**INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN**

FORSIKRINGSSELSKAPET  
**HYGGEA**  
LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

## Solstrand Begravelseesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

EPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Rea kyr. Gjennomsk 39 31 00  
Tidelen 9 82 74.

# Velkommen til kyrkje ✠

## PREIKELISTE FOR ARNA

1. pinsedag: Arna – høgtidsgudsteneste ved sokneprest Halle Tvedt. Nattverd. Offer til Nordhordaland Indremisjon. Barnevakt. Ytre Arna – høgtidsgudsteneste ved res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Nordhordaland Indremisjon.
- 18.06. Arna – sokneprest Halle Tvedt. Offer til Blå kors – Bergen krins. Barnevakt.
- 20.06. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt. Ytre Arna – sokneprest Halle Tvedt. Offer til Den Indre sjømannsmisjon.
- Trengereid – kl. 18.00 sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.
- 27.06. Arna – sokneprest Halle Tvedt. Ytre Arna – res.kap. Fykse.
- 04.07. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Ytre Arna – sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.
- 11.07. Arna – sokneprest Halle Tvedt. Offer til Samemisjonen/Den Indre Sjømannsmisjon.
- 18.07. Ytre Arna – sokneprest Halle Tvedt. Offer til Misjon bak jern-teppet. *med offer*
- 25.07. Arna – sokneprest Halle Tvedt. Offer til Norges Kr. Ungdomsforbund.
- 01.08. Ytre Arna – sokneprest Halle Tvedt. Nattverd. Offer til Norges kr. s.lag.
- 08.08. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Offer til Det Vestlandske Indremisjonsforbund.
- Trengereid – kl. 18.00 res.kap. Fykse. Nattverd.
- 15.08. Arna – res.kap. Fykse.
- 22.08. Ytre Arna – res.kap. Fykse. Offer til Israelmisjonen.
- 29.08. Arna – res.kap. Fykse. Barnevakt. Offer til Norges Kr. Student- og Skuleungdomslag (Bergenskontoret).
- 05.09. Arna – sokneprest Halle Tvedt. Barnevakt. Nattverd. Ytre Arna – res.kap. Fykse. Nattverd.
- 12.09. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt. Trengereid – sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.
- 19.09. Ytre Arna – res.kap. Fykse. Familiegudstjeneste.
- 26.09. Arna – sokneprest Halle Tvedt. Presentasjon av konfirman-tene. Offer til Arna Sokneråd. Barnevakt. Ytre Arna – res.kap. Fykse. Presentasjon av konfirmantane. Offer til soknerådet.
- 03.10. Arna – res.kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt. Ytre Arna – sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.